



Her er det like før Lars Johan Ekeland får hard handsaming av kjevlet til kjerringa, som i det sivile liv heiter Nanny Hommedal Eikemo. (Foto: Ola Matti Mathisen)

**Mannen sit og spelar storkar ved eit ølmetta bord på Helgheim og legg ikkje merke til kona som kjem inn døra med kjevlet klårt til slag. Det tek ikkje mange sekundane før han er ute av lokalet og han får hard medfart under operasjonen!**

Dette er ein av fleire sterke scenar som inngår i musikkvideoen til EDO-låta "Bygdafest". Den vart spela inn i Uskedalens tradisjonsrike festlokale laurdag ettermiddag.



Valen-kvartett som kosar seg på festen og er ein form for gjennomgangsfigurar: Even Ekeland, Ronny Lygresten, Hogne Gjuvsland og Thomas Rafoss. (Foto: Ola Matti Mathisen)

Diverre var det berre eit fåtal frå dalen som hadde teke oppmodinga om å stilla som dansepublikum ålvorleg, men det vart ikkje krise likevel. Det populære dansebandet hadde førebudd seg godt med omsyn til aktørar. Til dømes var det hanka inn ein kvartett frå Valen med klede som var vanlege på lokalet på 1950-talet.



Line-dansarane frå Kvinnherad presenterar seg på EDO-videoen. (Foto: Ola Matti Mathisen).

Det er all grunn til å tru at videoen på tre minutt og 39 sekundar blir like fengjande som swinglåta. Målsettinga er den same som for den førre musikkvideoen til EDO, den som heitte "Lubbesild og kalde pote": Å få den inn i NRK! Karl Petter Vårdal har hatt ansvaret for opptaka av dei to videoane.

Den nye videoen opnar med ein sekvens frå Odda av omsyn til ein sponsor og så går det slag i slag med opptak frå Helgheim. I overkant av 20 dansarar svingar seg i valsen og sju frå linedans-gruppa "Just 4 fun" (dei er 20 tilsaman og kjem frå heile kommunen) viser kva dei kan.

Så fylgjer den dramatiske scena som er skildra i innleiinga. Og som om ikkje dette var nok: Det kjem enda meir dramattikk, der ein festdeltakar får inn eit svingslag på ein annan. Det heile endar med at han fell over eit bord som går i golvet med eit brak.

Kanskje grunn til å streka under at noko slikt nok aldri har hendt på Helgheim. Eller?

Av Ola Matti Mathisen



Det kom ikkje mange spontan-deltakarar til opptaket i Helgheim, men det vert nok ein bra video likevel. (Foto: Ola Matti Mathisen)